



Pressemelding 23.01.25

Ny leiar i Bremanger Arbeidarparti: Fokus på utvikling, tryggleik og samarbeid

På årsmøtet 23. januar vart Leif-Erik Senneset vald som ny leiar i Bremanger Arbeidarparti. Leif-Erik tar over vervet etter Nils-Jørgen Sagebø, som har leia partilaget med stort engasjement gjennom fleire år. Vi ønskjer å rette ein stor takk til Nils-Jørgen for den viktige innsatsen han har gjort som leiar. Det er gledeleg at han held fram i styret, der hans erfaring og kunnskap framleis vil vere ein stor ressurs.

Eg ser fram til å jobbe med viktige saker både for partiet og for Bremanger kommune. Fleire store utfordringar krev målretta innsats, og dette er nokre av dei sakene vi ønskjer å prioritere:

- **Straum og industri:** Bremanger Arbeidarparti vil jobbe for konkurransedyktige straumprisar som gjev forutsigbarheit for både innbyggjarar og næringsliv. Industrien er ryggrada i Bremanger, og vi vil sikre at hjørnesteinsbedrifter som Elkem får stabile rammevilkår. Samtidig er det viktig at nye prosjekt får gode vilkår utan å svekke eksisterande industri.
- **Infrastruktur:** Trygge og framkommelege vegar er heilt avgjerande for lokalsamfunnet. Vi vil presse på for nødvendige utbetringar av fv. 614 og 616, med fokus på strekninga mellom Rugsund og Davik, og rensing av fjellsida mellom Berletunnelen og Skatestraumen. Samtidig er Kystvegen ei av våre høgast prioriterte saker. Oppstart på strekninga Svelgen-Indrehus er heilt sentral for å styrke samferdsla i regionen, og vi vil jobbe målretta for å få dette realisert. Ei god kystvegforbinding vil knyte lokalsamfunna tettare saman, styrke næringslivet og skape nye mogleigheter for vekst og utvikling.
- **Oppvekst:** Forholda ved Svelgen oppvekst må snarleg betrast, ikkje berre for barna og elevane, men også for dei tilsette. Arbeidsforholda må vere trygge og gode for å sikre eit godt lærings- og arbeidsmiljø. Å rette opp avvika ved oppvekstsenteret er ei prioritert oppgåve som ikkje kan vente.

Som leiar i Bremanger Arbeidarparti ser eg fram til å samarbeide med våre medlemmar, innbyggjarar og andre aktørar for å styrke fellesskapet og utvikle Bremanger vidare. Partiet vil halde fram med å setje dei viktige sakene på dagsorden og jobbe målretta for å sikre ei lysare framtid for kommunen.

**For Bremanger Arbeidarparti
Leif-Erik Senneset**